

Protokoll frå styremøte i Språkrådet 7. desember 2017

<i>Til stades</i>	Eli Bjørhusdal (vara), Trond Trosterud, Jan Erik Knarbakk og Bjørg Nesje Nybø
<i>Frå sekretariatet</i>	Åse Wetås (direktør), Åsa Kaldhussæter (rådgjevar) og Daniel Gusfre Ims (seksjonssjef, fagleg innslag i lunsjpausen om kommune- og regionsreforma), Karl Henrik Steinsholt (administrasjonssjef, til stades under sak 63/17 og 64/17, Sturla Berg Olsen (seniorrådgjevar, sekretær for fagråd 3, til stades under sak 66/17)
<i>Forfall</i>	Guri Melby, Liv Kari Eskeland og Curt Rice (vara)
<i>Møtestad</i> <i>Møtetid</i>	Språkrådet, møterom 30 i 1. etasje, Observatoriegata 1 B, Oslo Kl. 11.00–17.00 Lunsj med fagleg innslag: 13:00–14:00
<i>Møteleiar</i> <i>Referent</i>	Trosterud Kaldhussæter

Sakliste

Konstituering

S 61/17 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet

S 62/17 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 26. september 2017

Vedtaksaker

S 63/17 Rekneskap per 31. oktober 2017 m/prognose i tilleggskolonne

S 64/17 Førebels budsjett for 2018

S 65/17 Førebels verksemdsplan for 2018

S 66/17 Normeringssaker

S 67/17 Oppnemning av nytt medlem i fagråd 2

S 68/17 Språkrådets fagråd – evaluering av organisatorisk innpassing og arbeidsdeling (jf. S 69/16)

S 69/17 Møteplan for 2018 og 2019

S 70/17 Språkrådets tegnspråkpris

Drøftingssaker

S 71/17 Årsrapport 2017

S 72/17 Evaluering av styrearbeidet 2017

S 73/17 Varasituasjonen i styret – Utgå

S 74/17 Plan for vidare arbeid med handordbøkene

S 75/17 Tilsetting av ny seksjonssjef

Informasjonssaker

S 76/17 Orienteringssaker

a) Direktørens orientering

- b) Etatsstyringsmøte 23. oktober 2017
- c) Språkprisen 2017
- d) Sjukefråver i Språkrådet
- e) Omorganisering av stadnamntenesta
- f) Program for Språkdagen 2018
- g) Arbeidet i Språkrådets framtidsutval
- h) Oppfølging av Språkstatus 2017
- i) Fellesmøtet for fagråda
- j) Evaluering av Språkrådets publikumstiltak

S 77/17 Høyringar

S 78/17 Mediesaker

S 79/17 Frå fagråda

S 80/17 Eventuelt

Konstituering

S 61/17 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet

Habilitet: Liv Kari Eskeland har fått beskjed frå Kulturdepartementet om at ho inntil vidare kan møte i styret.

Merknadar til saklista:

- Vedlegg til S 74/17 vart ettersendt styret 5. desember
- S 76/17 k) står ikkje på saklista, men er med i saksomslaget
- S 77/17: høyring nr. 5 er ei utgåande høyring frå Språkrådet og burde hatt eige saksnummer.

Sakspapir: Saklista 7. desember 2017

Vedtak: Innkallinga og saklista er godkjende.

S 62/17 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 26. september 2017

Sakspapir: Framlegg til protokoll

Vedtak: Protokollen frå styremøte 26. september 2017 er godkjend.

Vedtakssaker

S 63/17 Rekneskap og økonomisk situasjon per 31. oktober 2017

Sakspapir: Rekneskapsrapport per 31. oktober og taloppstilling

Vedtak: Styret tek rekneskapen og rapporten til etterretning.

S 64/17 Førebels budsjett for 2018

Sakspapir: Notat frå leiinga og budsjettutkast i tal

Vedtak: Styret bed direktøren leggje fram endeleg budsjett for 2018 i styremøtet i februar 2018.

S 65/17 Utkast til verksemdplan for 2018

Sakspapir: Utkast til verksemdsplan for 2018 og utkast til mål for Språkrådet 2018 (vedlegg til førebels tildelingsbrev).

Vedtak:

- 1) Styret bed direktøren ta framlegg til styringsparametrar med i dialog med KUD om endelege parametrar for 2018.
- 2) Sekretariatet arbeider vidare med verksemdsplanen med dei signala som kom fram på styremøtet.
- 3) Styret bed om at verksemdsplan for 2018 blir lagd fram for endeleg vedtak på møtet i februar 2018.

S 66/17 Normeringsaker

Sakspapir: Saksførelegg frå direktøren og framlegg frå fagrådet for normering og språkobservasjon

Vedtak:

1. a) I bokmål blir inkjekjønnteke ut av norma for desse substantiva som i dag har valfritt hankjønnteke eller inkjekjønnteke: kvekk, miks, rus, sprøyt, stim og trass.
b) I nynorsk blir inkjekjønnteke ut av norma for desse substantiva som i dag har valfritt hankjønnteke eller inkjekjønnteke: kvekk, miks, rus, skratt, snus, sprøyt og trass.
c) Normeringa av samansetjingar med orda i a)–b) som etterledd skal i kvart tilfelle følgje normeringa av grunnordet.
d) Etter vedtak i styret blir endringane registrerte i Norsk ordbank, kunngjorde på høveleg måte og ved høve oppførte i Bokmålsordboka og Nynorskordboka.
2. Herfrå blir teke inn i nynorsk som normert form attmed herifrå. Etter vedtak i styret blir dette registrert i Norsk ordbank og ved høve oppført i Nynorskordboka.
3. Styret sluttar seg til at den operative normeringa bør skje i seksjonen for språkrøkt og språkrådgeving i dei tilfella der ein kan resonnerer seg fram til kva rett norm bør vere ut frå normeringsprinsippa, parallelle tilfelle og logikken i språkssystemet. Tilfelle med operativ normering skal i ettertid leggjast fram for fagrådet for normering og språkobservasjon som orienteringssaker.

S 67/17 Oppnemning av fagrådsmedlem

Sakspapir: Notat frå seksjonen for språk i skole og offentleg forvaltning

Vedtak: Språkrådet vender seg til fagrådskandidatane i prioritert rekkjefølge for å høyre om dei vil ta på seg vervet som fagrådsmedlem.

S 68/17 Språkrådets fagråd – evaluering av organisatorisk innpassing og arbeidsdeling

Sakspapir: Notat frå direktøren

Vedtak: Språkrådet gjennomfører ei evaluering av den organisatoriske innpassinga av fagråda og arbeidsdelinga mellom seksjonar og fagråd. Styret får lagt fram den ferdige evalueringa på møtet i februar 2018.

S 69/17 Møteplan for 2018 og 2019

Sakspapir: Notat frå direktøren

Merknad: Styret gjer om ekstramøtet i april til fast møte i møteplanen for 2018 og 2019.

Vedtak: Styret vedtek møteplanen for 2018 og 2019.

2018:

Torsdag 22. februar

Torsdag 19. april

Måndag 4. og tysdag 5. juni (todagarsmøte utanfor Oslo)

Torsdag 27. september

Torsdag 6. desember

2019:

Torsdag 14. februar

Torsdag 25. april

Torsdag 13. og fredag 14. juni (todagarsmøte utanfor Oslo)

Torsdag 19. september

Torsdag 5. desember

S 70/17 Språkrådets teiknspråkpris

Sakspapir: Notat frå seksjonen for språkrøkt og språkrådgeving og utkast til statuttar

Vedtak:

1. Styret oppretter Språkrådets tegnspråkpris med egne statutter, «Statutter for Språkrådets tegnspråkpris». Prisen skal deles ut annethvert år.
2. Prisen skal i 2018 være 25 000.
3. Styret oppnevner en jury bestående av Elizabeth Lanza, Hedvig Sinnes, Lise Marie Nyberg og Torill Ringsø for en periode på tre år.

4. Tegnspråkprisen for 2018 blir utdelt under Døves kulturdager 2018 og 100-årsjubileet for Norges Døveforbund i Oslo rådhus 18. mai 2018.
5. Styret bed direktøren undersøke eventuell ekstern finansiering av prispengar til Teiknspråkprisen.

Drøftingssaker

S 71/17 Førebels årsrapport for 2017

Sakspapir: Notat frå leiargruppa

Vedtak: Styret bed om at det blir arbeidd vidare med årsrapporten med dei merknadene som kom fram i møtet. Årsrapporten skal leggjast fram for endeleg vedtak på styremøtet i februar 2017.

S 72/17 Evaluering av styrearbeidet i 2017

Saka blir utsett til februar 2018.

S 73/17 Varasituasjonen i styret

Saka utgår.

S 74/17 Plan for vidare arbeid med handordbøkene

Sakspapir: Notat frå direktøren og prosjektsøknad (vedlegg til Språkrådets budsjettsøknad for 2018)

Vedtak: Styret sluttar seg til opplegget for styring og oppstart av revisjonsprosjektet.

S 75/17 Tilsetting av ny seksjonssjef i seksjonen for språk i skule og offentleg forvaltning

Sakspapir: Notat frå direktøren

Vedtak: Styret sluttar seg til tidsplanen for utlysing av stillinga som seksjonssjef i seksjonen for språk i skule og offentleg forvaltning. Styret bed direktøren vurdere eventuelle organisasjonsmessige konsekvensar av omorganiseringa av stadnamntenesta.

Informasjonssaker

- S 76/17 Orienteringssaker**
- a) Direktørens orientering**
 - b) Etatsstyringsmøte 23. oktober 2017**
 - c) Språkprisen 2017**
 - d) Sjukefråver i Språkrådet**
 - e) Omorganisering av stadnamntenesta**
 - f) Program for Språkdagen 2018**
 - g) Arbeidet i Språkrådets framtidsutval**
 - h) Oppfølging av Språkstatus 2017**
 - i) Fellesmøtet for fagråda**
 - j) Evaluering av Språkrådets publikumstiltak**
 - k) Undersøking om norsk fagspråk i studium og arbeidsliv**

- Sakspapir:**
- a) Munnleg orientering: Direktøren orienterte mellom anna om status for samarbeidet med Nasjonalbiblioteket, planar for utbyggingar av ressursane i Språkbanken, Årets nynorsk-kommune 2017 til Sveio, Årets ord-kåring 11. desember og arbeidet med språk i standardar
 - b) Referat frå etatsstyringsmøte 23. oktober 2017
 - c) Notat frå kommunikasjonssjefen
 - d) Notat frå administrasjonssjefen
 - e) Notat frå direktøren + notat til KUD
 - f) Notat frå seksjon for fagspråk og språk i samfunn og høgre utdanning
 - g) Notat frå seksjon for fagspråk og språk i samfunn og høgre utdanning
 - h) Notat frå leiargruppa
 - i) Referat frå fellesmøtet til fagråda
 - j) Notat frå seksjonen for språk i skule og offentleg forvaltning + forslag til evalueringssopplegg fra intern arbeidsgruppe (3 vedlegg)
 - k) Notat frå seksjonen for fagspråk og språk i samfunn og høgre utdanning

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 77/17 Høyringar

- Sakspapir:**
1. Høring – kjerneelement i læreplanen i norsk (NOR1-05), norsk tegnspråk (NOR4-04) og norsk for hørselshemmede (NOR5-04)
 2. Høring – finsk som andrespråk
 3. Høring om ny fagskolelov
 4. Høring – endringer i introduksjonsloven og tilhørende forskrifter
 5. Høring om reviderte særreglar for skrivemåten av norske stadnamn

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 78/17 Mediesaker

Sakspapir: Medierapport september–november 2017

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 79/17 Frå fagråda

Sakspapir:

1. Referat frå møte i fagråd 3 – 15.6.2017
2. Referat frå møte i fagråd 3 – 18.10.2017
3. Referat frå møte i fagråd 1 – 19.10.2017
4. Referat frå møte i fagråd 2 – 20.10.2017

Vedtak: Styret tek informasjonen til orientering.

S 80/17 Eventuelt

Situasjonen for Giellagáldu

Trond Trosterud orienterte om situasjonen for Giellagáldu, det nordiske normative organet for samiske språk. På svensk og finsk side er Giellagáldu finansiert via EU-middel, som eit Interreg-prosjekt, noko som gjer at Giellagáldu i mai 2018 vil bli lagt ned for andre gong.

Vedtak: Styret bed direktøren om å ta kontakt med språkråda i Sverige og Finland for å diskutere situasjonen, og legge dette fram som sak på neste styremøte.

Godkjenning

Protokoll frå møtet 7. desember 2017 er godkjend 22. februar 2018.

Eli Bjørhusdal

Trond Trosterud

Jan Erik Knarbakk

Björg Nesje Nybø